

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Kriseleiinga i Sula kommune vedtek Midlertidig forskrift om tiltak for å forebygge koronasmitte(Covid-19) i Sula kommune

Samandrag:

Sula kommune innfører saman med Ålesund og Giske kommune forsterka smitteverntiltak etter høgt tiltaksnivå for å avgrense og stanse smittespreiing av muterte virusvariantar av SARS-Cov-2 viruset som har fått høve til å spreie seg svært raskt i vår bu- og arbeidsmarknadsregion. Tiltaka er tidsavgrensa og står i forhold til den belastninga ytterlegare spreiing av Covid-19 kan ha på einskildpersonar og helse og omsorgstenesta.

Bakgrunn for saka:

Sula kommune har under pandemien med Covid-19 hatt relativt god kontroll på smittesituasjonen. Kommunen har stort sett greidd det ved å halde oss til nasjonale reglar og tilrådingar.

Smittetoppene har tidlegare hatt klar samanheng med importsmitte relatert til innreise og då vesentleg gjestearbeidarar. Dette har vore handtert ved innreisekarantene.

Frå slutten av februar og spesielt i veke 8 (Vinterferien) har vi fått fleire utbrot med mutert virus, britisk mutant i vår region. Desse utbrota fekk ein raskt kontroll på og siste vekene har det vore svært lite nysmitte.

Frå 16. mars har situasjonen i Ålesund endra seg radikalt med til saman tre smitteutbrot med mutert virus. Fleire av utbrota har blitt avdekt etter relativt lang tid med symptom eller ved akutt innlegging med alvorleg sjukdomsforløp. To av tilfella kan sporast til Oslo-området, medan det ved det tredje utbrotet som har utspring ved NTNU Ålesund og einskildtilfelle har ukjend smittekjelde. Smitte har skjedd, ikkje berre til nærkontakter, men også på offentleg arena som t.d. treningssenter. Vi ser at smitten spreier seg lett, raskt og til mange i nær omgangskrets og familie. Det er allereie fleire tilfelle med alvorleg forløp, også hos relativt unge personar. Vi har hatt smitte inn mot Ålesund sjukehus, eit legekontor er stengt og i karantene. Andre helseinstitusjonar er berørt og fleire skuleklassar og ein barnehage er i karantene.

Smittesporinga er krevjande med forsterka TISK. Det er mange nærkontakter og endå fleire i ventekarantene. Testkapasiteten i regionen vert stadig meir utfordra.

Den dramatiske utviklinga har skjedd brått og i ein situasjon der vi står på terskelen til påska som normalt medfører reiseaktivitet og risiko for ytterlegare smittespreiing. Sjølv om det er gitt klare råd om å avgrense reiseaktivitet i påska, veit vi at det vert ein god del reising. Det er pr i dag stor skilnad på tiltaksnivåa lokalt i regionen og dei befolkningsstette områda på Østlandet der det no er nedstenging. Dette vil kunne gje kjennsle av fridom for dei som kjem frå område med meir smitte enn det vi har hatt og har.

Sula kommune kan anten be om å kome inn under Kapittel 5 « Forsterka smitteverntiltak i enkelte kommuner» eller lage eigen forskrift.

Sula, Ålesund og Giske har hatt dialog om situasjonen. Det er brei semje om at ein må sette inn felles tiltak straks. Dette er i tråd med tilrådinga frå FHI.

Vurdering:

Nasjonen er på veg inn i 3. smittebølge. Dette er klart både nasjonalt, i dei befolkningstette områda på Østlandet og også i andre område av landet. Vi ser no at også bu- og arbeidsmaknadsregionene som Sula er en del av er på veg inn i 3. smittebølge med mutert virus etter ein periode med lite smitte. Dette skjer samstundes som vaksinasjonen går sin gang i et tempo som er betydeleg lågare enn vi ønsker.

Det er viktig å stanse denne utviklinga slik at vi kan kjøpe oss tid, vaksinere fleire eldre og risikoutsette og redusere belastninga av den 3. bølge på helsetenestene våre. Ytterlegare smittespreiing vil sette både testkapasitet, smittesporingskapasitet og helse og omsorgstenestene forøvrig under kraftig press.

Dei muterte virusvariantane har overtatt og dominerer no smittebildet. Dette gjer at tiltak som var tilstrekkelege tidlegare ikkje er det lenger. Befolkninga er blitt vant til å leve på ein måte der ein anser at risikoen for å bli smitta er liten. Slik er det ikkje lenger.

Det er innført nasjonale reglar og råd. Det er vidare gitt råd for påskehøgtida. Regjeringa har også varsla at det kan kome nye og strengare nasjonale tiltak som på mange område er samanfallande med dei tiltak vi no foreslår.

Dei tiltak vi no foreslår i tillegg til nasjonale råd og regler er:

Førebels forskrift om tiltak for å førebygge koronasmitte(Covid-19) i Sula kommune i Møre og Romsdal

Heimel: Fastsett av kriseleiinga i Sula kommune med heimel i lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsomme sykdommer (smittevernloven) § 4-1 i samsvar med krisefullmakt frå Sula kommunestyre til kriseleiinga i sak 57/19.

§ 1. Formål

Formålet med forskrifta er å hindre eller avgrense spreiring av SARS CoV-2 i ein periode med sterk auke i smittetal og spreiring av mutant virusvariant i lokalsamfunnet.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld for alle som oppheld seg i Sula kommune.

§ 3. Forhold til anna lovverk

Reguleringa i dette vedtaket kjem i tillegg til dei reguleringar som følgje av lov, nasjonale forskrifter og andre lokalt fastsette tiltak mot smitte. Ved motstrid mellom denne forskrift og nasjonalt regelverk, går forskrifta framfor fråvikelege reglar i lov og nasjonal forskrift.

§ 4. Stenging av verksemder

Følgande verksemder og stader skal halde stengd:

- A. Treningssenter , likevel slik at følgande tilbod kan halde opent:
 - 1. Rehabilitering og opptrening som blir tilbydd individuelt eller i mindre grupper med arrangør.
 - 2. Individuell trening og behandling som det kan bestillast time til.
- B. Symjehallar, badeland, spa-anlegg, hotellbasseng og liknande, likevel slik at følgande tilbod kan halde opent:
 - 1. Skolesymjing, organiserte symjekurs og organisert symjetrening for personar under 20 år og symjing for profesjonelle utøvarar.
 - 2. rehabilitering og opptrening som blir tilbydd individuelt eller i mindre grupper med arrangør.
 - 3. Annan individuell behandling som det kan bestillast time til og der bad er ein del av behandlinga.
- C. Fornøyelsesparkar, bingohallar, spelehallar, leikeland, bowlinghallar og tilsvarande stader.
- D. Museum.
- E. Kino, teater, konsertstader og tilsvarande kultur- og underholdningsstader.
- F. Andre offentlege stader og verksemder der det skjer kultur-, underholdnings- eller fritidsaktivitetar som samlar menneske innandørs.

Offentlege stader og verksemder der det skjer organiserte kultur-, idretts- og fritidsaktivitetar kan halde opent for barn og unge under 20 år, utandørs aktivitet for vaksne og organisert trening innandørs og utandørs for toppidrettsutøvarar.

§ 5. Forbod mot gjennomføring av arrangement.

Det er ikkje tillate å gjennomføre arrangement, jf. § 13, Definisjon av arrangement i Covid-19 forskrifta, med unntak av livssynssamlingar og seremoniar i trus- og livssynshus, inkludert seremoniar ved bryllaup, gravferder, bisettingar, dåp og konfirmasjon. Covid-19 forskrifta § 13a, Antall personar som kan vere til stade på eit arrangement i Covid-19 forskrifta gjeld, likevel slik at det på anna arrangement enn gravferd eller bisetting ikkje kan vere meir enn 20 personar til stade når alle i publikum har faste, tilviste sitteplassar.

Digitale arrangement med maksimalt fem personar til stade, i tillegg til utøvarar og anna nødvendig produksjonspersonell, er tillate.

§ 6. Påbod om heimekontor

Arbeidsgivarar skal sørge for at tilsette arbeider heimanfrå så langt det er praktisk mogleg. Arbeidsgivarar skal kunne dokumentere at det er gitt beskjed til dei tilsette om korleis dette skal gjennomførast i verksemda.

§ 7. Skjenkestopp

Serveringsstader som har skjenkebevilling etter alkoholloven kapittel 4 og 5 skal ikkje utøve skjenkebevillinga.

§ 8. Opplærings- og utdanningsinstitusjonar

Universitet, høgskolar og fagskolar skal halde sine lokale stengde for elevar og studentar slik at undervisninga skjer digitalt. Tilsvarande gjeld lokale som blir brukt ved opplæring eller undervisning til personar over 20 år i grunnskole, til vaksne i vidaregåande skole og til vaksne i opplæring etter introduksjonsloven eller integreringsloven, til kursaktivitet under studieforbund og til Kompetanse pluss. Bibliotek og lesesalar i lokala kan likevel vere opne.

Institusjonane kan gjere unntak frå kravet i første ledd dersom tilgang til lokala er avgjerande for studentar som er avhengige av forsøk eller ferdigheitstrening som ikkje kan gjennomførast digitalt, og det er nødvendig for å oppretthalde progresjonen i studiet. Dette gjeld ikkje studieforbund og Kompetanse pluss.

§ 9. Stans av idretts- og fritidsaktivitetar

Det er ikkje tillate å organisere idrettsaktivitet innandørs for personar over 20 år. Det same gjeld fritidsaktivitetar som organiserte øvingar, trening og prøver for kor, korps og teater. Organisert trening for profesjonelle toppidrettsutøvarar innandørs er likevel tillate.

§ 10. Plikt til å bruke munnbind

Når det ikkje er mogleg å halde minst ein meters avstand, ut over kortvarige passeringar til andre enn husstandsmedlemmar, skal det brukast munnbind i butikkar, i fellesareal på kjøpesenter, på serveringsstader, i trus- og livssynshus, på kollektivtransport og innandørs stasjonsområde, og i lokala for kultur-, sports- og fritidsaktivitetar.

Passasjerar skal bruke munnbind i taxi. Munnbindet skal takast på før passasjeren set seg inn i taxien, og skal ikkje takast av før reisa er avslutta og passasjeren har gått ut av taxien. Plikt til å bruke munnbind gjeld tilsvarande for sjåfør når det er passasjer i taxien.

Plikta til å bruke munnbind i første ledd gjeld tilsvarande for tilsette på stader der det ikkje er mogleg å halde minst ein meters avstand frå besøkande. Dette gjeld ikkje tilsette på stader der det er sett i verk andre tiltak mot smitte for dei tilsette som bruk av visir, skiljeveggar o.l. i samsvar med Folkehelseinstituttets tilrådingar.

Plikta til å bruke munnbind gjeld ikkje for barn under 12 år, eller for dei som av medisinske eller andre årsakar ikkje kan bruke munnbind.

§ 11. Ansvar

Ålesund kommune tar ikkje på seg økonomisk ansvar som følge av pålagde tiltak.

§ 12. Straff

Forsetteleg eller grovt uaktsam overtreding av reglane i denne forskrifta, straffast i samsvar med covid-19-forskriften § 24.

§ 13. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 21.mars kl. 24.00 og gjeld fram til 11.april kl. 24.00.

Tiltaka er i tråd med nasjonale anbefalingar ved aukande og utbredt smitte. Dei tilsvarer tiltaksnivå 4. Dei er rimelege og står i forhold til den smittesituasjon vi har lokalt. Tiltaka er avgrensa i tid, men kan verte forlenga anten lokalt eller avløyst av tilsvarande nasjonale tiltak.

Konklusjon:

Kommunedirektøren finn det nødvendig å innføre innstrammingar i tillegg til dei nasjonale bestemmelsane i Covid-forskriften. Dette gjer ein for å få kontroll på raskt stigande smitte lokalt, hindre ytterlegare vekst i smitten i samband med påskehøgtida. Det er fare for at mange kan bli smitte og at fleire kan verte alvorleg sjuke og trenge innlegging. Ved auka smitte, vil testkapasitet, smittesporing og helsetenestene både i kommunen og helseforetaket bli sett på prøve.

Sula, 21. mars 2021

Leon Aurdal

Kommunedirektør

Marianne Bjerkevåg

Kommuneoverlege